



Teknisk drift

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/2192 - 17/14409

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

22.11.2017

Idrettsfunksjonell førehandsghodkjenning - Nesvatnet nærmiljøanlegg - toalettbygg (anleggsnr. 72374)

Me har motteke søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for nytt toalettbygg ved Nesvatnet nærmiljøanlegg datert 7. og 10. november 2017.

Kommunal plan og behovsvurdering

Området ved Nesvatnet er eit friluftsområde som er mykje nytta av lokalbefolkninga, av skular, barnehagar og ungdomsklubben. Området er allereie tilrettelagt med sandvolleyballbane, stupebrett, bål plass, gapahuk og det er også vedtatt ein universell utforma turveg som skal gå gjennom like ved, noko som vil gjera at området vert endå meir nytta. Det er difor avgjerande at det kjem på plass eit toalettbygg i området.

Anlegget er med i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026, og prioritert på 10. plass i handlingsplanen.

Kostnadsoverslag og foreløpig plan for finansiering og drift av anlegget

Dokumentasjonen er gjennomgått.

Det manglar informasjon om korleis anlegget skal driftast. Me legg til grunn at anlegget er tenkt drifta av kommunen, evt i samarbeid med Bergen og omland friluftsråd, og at anlegget vil få tilfredstillande vedlikehald, tilsyn og reinhald.

Planane er vurderte og godkjende med følgande føresetnader

Anlegget skal vere universelt utforma, og ein skal utstyra garderobar, dusjrom, toalett osv. i samsvar med rettleiaren "Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg" (V-0511 – 2012).

Godkjende, stempla teikningar er lagt ved dette brevet. Godkjenninga gjeld for to år, og ein må sette i gang byggearbeida innan desse to åra. Dersom ein ikkje gjer dette, må ein søke om forlenging. (Dersom byggearbeida er sett i gang før idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er gjeven, fell moglegheita for å kunne søke om spelemidlar vekk).

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Vert planane for anlegget endra, må ein sende nye, oppdaterte planar inn til ny idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane, men skal følge som vedlegg til spelemidelsøknaden.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
godkjende planar

Kopi til:
Ingrid Didriksen

Mottakarar:
Teknisk drift